

Lindås kommune  
Byggjesak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

**VEDLEGG B1**

Vår referanse: 1310-B03\_2  
Bergen, 30.6. 2017

**LINDÅS TOMTESELSKAP AS  
KOLÅS III BUSTADFELT. GNR. 108 BNR. 161 M. FL.  
VEDLEGG B1. DISPENSASJONSSØKNAD.**

Det søkes med dette om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av mur i grensa til eigedom gnr. 108 bnr. 362, Hestegjerdet nr. 10. Dette fordi muren ikkje er vist i reguleringsplanen, og må plasserast i areal som er regulert til offentleg veg. Muren plasserast langs eigedomsgrensa, og har til hensikt å ta opp høgdeforskjellen mellom eksisterande areal/oppstillingsplass langs garasjen og den nye vegen. Dette er nødvendig fordi terrenget på eigedom gnr. 108 bnr. 362 er fylt opp/planert for garasje og biloppstillingsplass, og fyllingsskråning for dette går inn på eigedom gnr. 108 bnr. 161. Når veg A3 skal etablerast må støttemuren etablerast for og halde på massane som er fylt opp på gnr. 108 bnr. 362. Ut frå terrengrprofil vil muren få en høgde på inntil 1,5m. På topp av mur etablerast gjerde. Muren vil ikkje komme i konflikt med vassleidning som skal etablerast i vegen, og fundamentet slik at ein har tilgang til å grave frem vassleidning utan å undergrave fundament for muren.

Dispensasjonssøknaden er utarbeide da det i tidlegare søknad om løyve for dette tiltaket i 2013, vart stilt krav om slik søknad.

Med helsing



Anders Haugen